

Hjertås 18.02.15

Til Meland Kommune
Plan, utbygging og kommunalteknikk
Postboks 79
5906 Frekhaug

Søknad om dispensasjon vedkommande Gnr 22 Bnr 52

Det søkes med dette om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for oppføring av boliger på Gnr 22 Bnr 52.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område. Eigedomen er frådelt 20.03.1954. Det vart bygd fritidsbolig på eigedomen omkring 1960. Fritidsboligen er i dag heilt sammenrast og ubrukelig som fritidsbolig.

Eigedomen ligg i eit område som er utbygd med einebustader, tomanns-boliger og rekkehus. I 2006 vart det gjeve dispensasjon for oppføring av boliger på Gnr 22 Bnr 26,53,95. Desse eigedomane grenser mot Bnr 52. Det er lagt til rette for vatn, avlaup, straum og fiber til eigedomen.

Området som eigedomen ligg i vert i dag ikkje nytta til landbruksføremål og kjem ikkje i konflikt med omsynet til LNF-føremålet om å verne om samfunnsinteresser knytt til å ta vare på store samanhengande landbruksområde, hindre uheldig oppstykking av landbruksareal og grønstrukturar. Det vil heller ikkje koma i konflikt med eit aktivt natur- og friluftsliv.

Endringer i samfunnet generelt og i dette området spesielt gjer att det ikkje lenger er naturleg å nytta området til fritidsboliger. Oppføring av boliger på eigedomen vil gi ein fortetting av eksisterande bumiljø og fremme ei bærekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

Eigedomen framstår i dag som svært lite tiltalende og ved oppføring av boliger vil ein få rydda opp på eigedomen, få ein bedre arealdisponering sett ut fra samfunnsmessige omsyn og planmessig vil det heller ikkje koma i konflikt med forslaget til ny kommuneplan, der eigedomen inngår i eit område som er avsett til bustadføremål. Eigedomen har tinglyst vegrett gjennom Mjåtveitmarka, vatn og avlaup er også tilkopla boligfeltet i Mjåtveitmarka.

Hjertås 18.02.15

Når det gjeld utnytting av eigedomen ønsker me å følgja forslaget i den nye komuneplanen med 650m² til einebustad og 1000m² for to-mannsbolig (500m² pr. bustadeining.)

Ut frå grunngevinga i søknaden meiner me att fordelane ved ein dispensasjon etter ei samla vurdering er klart større enn ulempene.

Knut Henanger

Ansvarlig søker